



På Oska er alltid maten ei oppleving!

**Tidlegare i dag la vi ut ein notis om at det ikkje vart komplettdag eller søndagsmiddag på Oska denne veka, og at det berre vert bestilte opplegg. No vert det likevel mogeleg å trimme smaksløkane med gode smaksopplevingar på den gode restauranten laurdag kveld, 4.november.**

Roy Lervåg fortel at han har hatt nokre spørsmål om å lage noko god mat laurdag kveld, og sjølv sagt vil han det. Han vil vera klar med ein trerettars middag og slår til med en fyldig fiske- og skaldyrssuppe til forret, kalvefilet til hovudrett og plumme og sjokolade til dessert. Han seier at ein treng ikkje å velja alle rettane om ein ikkje ønskjer det.

Han fortel vidare at dei opnar kl.19, og at dei ønskjer det, sjølv sagt kan komma berre for eit glas også. Triveleg vert det heilt sikkert. Sist laurdag arrangerte han heilafan med 5 rettars festmiddag, og dei som var der var overbegeistra av smaksopplevinga dei fekk då.

Dei som ønskjer eit herleg måltid denne laurdagen, må helst bestille det i forkant, så Roy er sikker på at han har nok mat til alle. Bestill på 918 64 091.

Elles vert det både komplettdag(9.11.) og søndagsmiddag(12.11.) neste veke.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Roy Lervåg